

Ikkje stopp klipparane på Heio, men ta kontakt med dei ansvarlege.

21.07.2018



Ikkje stopp klipparane på Heio utan å kontakte ansvarlege.

**Grasbanen på Heio vert i år klipt av to robotklipparar som vart kjøpt inn etter at Uskedal IL vart tildelt 68.000 kr frå Sparebankstiftinga til føremålet. Dette har vist seg vellukka, og dei to klipparane samarbeider godt om jobben. Einaste problemet har vore at klipparane har vorte parkert utan om ordning, og det har ført til at dei har vorte ståande i ro.**

Robotklipparane er programmert slik at dei vert parkert og står til lading i det tidsrommet det er ordinere treningar. Då startar dei automatisk opp att etter at treningane er avslutta om kveldane. Truleg er det folk som ønskjer å bruka banen utanom dei faste treningstidene, som har parkert robotklipparane slik at det har vorte lengre stopp.

- Det er sjølv sagt berre flott at dei brukar banen, men det er viktig at dei tar kontakt med ein av oss som har ansvar for klippinga så kan vi stoppa den med mobilen, seier Steinar Haugland (410 42 659) som er ein av dei fire med ansvar for klipparane. Dei tre andre som kan kontaktast er Endre Myklebust, Sigurd Børve og Kjetil Myklebust. Då vil dei syta for at klipparane startar på arbeidet att etter banen har vore brukt til aktivitet.

Steinar fortel at han har oppdagat stopp i klippinga ved tre ulike høve, og sidan det no er ferietid med mindre tilsyn på banen, kan det gå fleire dagar før det vert oppdagat.

- Eine gongen var vi på ferie, og då vart det stopp i slåinga i om lag ei veke, men sidan det er lite vekst på grunn av det tørre veret, gjekk det greitt, seier Steinar Haugland og legg til at dei så langt er svært fornøgde med måten robotklipparane har fungert på.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.